


Sjekkliste naturmangfaldsrapport

Vurdering av naturmangfaldlovas §§ 8-12, jf. § 7

Det er eit nasjonalt mål at tap av biomangfald skal stoppast, og arealbruken skal støtte opp om dette målet (St.meld. 26 (2006-2007)). I følge naturmangfaldlovas § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg myndigheit. Under følger vurderingar etter §§ 8-12 i lova.

Vurdering etter § 8 Kunnskapsgrunnlaget:


Naturmangfaldlovas § 8 seier at kunnskapsgrunnlaget knytt til område der det er planar om nye inngrep skal vere vitenskapleg basert. Samstundes skal kunnskapen som leggjast til grunn for verdi- og konsekvensvurderingar vere tilstrekkeleg og relevant for avgjersle.

Sentrale tema	Vurdering
Kva slags landskap, økosystem, naturtypar eller artar vert råka av planen?	<p>Landskap Landskapet er i Artsdatabanken bekrrevet som skjerma indre slakt til småkupert kystslettelandskap med tett busetnad og jordbruksdominans.</p> <p>Omtale av grunntypen frå Artsdatabanken: «Typen omfattar landskap på den indre delen av kystsletta, ofte på innsida av større øyar eller i kystslette innover mot fjordane som i større grad er skjerma for bølge- og vindeksponering frå ope hav.</p> <p>Landområda har «innlandseigenskapar» i form av førekomst av vassdrag og auka arealbrukintensitet.</p> <p>Områda høyrer til den meir kuperte delen av kystsletta med vekslende terreng over og under havnivå.</p> <p>Landskapet er tydeleg prega av menneskeleg arealbruk, med ein større tettstad, småby eller konsentrasjonar av fritidsbusetnad med høg bygningstettleik. Jordbruk er den dominerande arealbruken i området.»</p> <p>Kartutsnitt under viser potensielt tilgjengeleg strandsone på bakgrunn av helling (2019)</p>  <p><i>Potensiell tilgjengeleg strandsone på bakgrunn av helling (2019)</i></p>

Økosystem, naturtypar og artar

Kystlynghei

Delar av planområdet er i 2020 registrert som kystlynghei – kalkfattig kystfukthei (naturbase.no), med verdi B – viktig. Hevdstatus er moderat til sterkt gjengrodd. Sjå utstrekning av registreringa under.



Grunngiving for vurdering av verdi:

«Etter Miljødirektoratets reviderte faktaark frå 2014 får lokaliteten middels vekt på storleik (286 daa), låg vekt på tilstand, middels vekt på påverknad/framande artar og låg vekt på raudlisteartar. Samla får lokaliteten verdi B - viktig.»

Artsmangfald:

Karplantefloraen i kystlyngheia har vanlege artar som røsslyng, einer og blåtopp. I dei brente sidene i vest er det mykje einstape. Bjørk dominerer i tresjiktet, men trea er sjeldan meir enn 2,5 m høge.

Råd om skjøtsel:

For å ta vare på verdien som kystlynghei må heia skjøttast med beiting og burning. Om ein skal opne landskapet og få tilbake kystlyngheia i dette området må det brennast, helst innan få år før trea blir for store. Dei største trea bør hoggast. Beitetrykket verkar å vere godt slik det er i dag, men kan mogleg aukast noko.

Dyreartar:



Bilde frå snl.no. Vipehann.

Vipe (Vanellus vanellus) er registrert langs Mangersnesvegen og særleg i tilknytning til holmane nordvest for planområdet.


Dette er ei kritisk truga art som hekkar i mesteparten av Sør-Noreg opp til fjellbjørkeskogen. Ifølge Artsdatabanken er artens opphavslege hekkehabitat myr og strandenger, men er i stor grad òg knytt til jordbrukslandskapet.

Området vil truleg romme viktige funksjonsområder for vipa, men det er usikkert kva for områder som har den viktigaste funksjonen.

Ut i frå karta på Artsdatabanken (sjå utsnitt under), ser arten ut å trivast særleg godt rundt Prestholmen og Eriksholmen, nordvest for planområdet. Der finn ein òg registreringar av ein rekke andre fuglar, som **makrellterne (Sterna hirundo)** som er sterkt truga, **vannrikse (Rallus aquaticus)**, **gråmåke (Larus argentatus)**, **sivhøne (Gallinula chloropus)** som alle er sårbare artar (VU). **Tjeld (Haematopus ostralegus)** som er nært truga (NT) finn ein òg registreringar av i dette området.



Registreringar av fugleartar i og ved planområdet

	<p>Ærfugl (<i>Somateria mollissima</i>) er registrert i området (Artsdatabanken).</p>  <p>Bilde frå <i>snl.no</i>. hann til venstre, ho til høgre.</p> <p>Arten finst over store delar av landet, men er vurdert som sårbar (VU) då det i seinare år har vært ein bestandnedgang på nasjonalt nivå. Arten påverkast i stor grad av påverknad på stadeigne arter og klimatiske endringar, ifølge Artsdatabanken.</p> <p>Arten hekkar gjerne nær sjøen, skjult i høg vegetasjon.</p> <p>Det er òg registrert grønfink (<i>Chloris chloris</i>), granmeis (<i>Poecile montanus</i>) og tundrasædgås (<i>Anser serrirostris</i>) langs Mangersnesvegen, som alle er vurdert som sårbar (VU).</p> <p>Gråsisik (<i>Acanthis flammea</i>) og ekorn (<i>Sciurus vulgaris</i>) er registrert like nordvest for Jonsokhaugen. Artene er vanlege over heile landet og er livskraftige (LC).</p>
<p>Kva slags effekt vil planen ha på landskap, økosystem, naturtypar og artar?</p>	<p>Landskap Landskapets skjermede, småkuperte kystslettelandskap forsøker ein å ivareta i størst mogleg grad. Det er derfor valt å rokere om på noko av LNF-formålet i KPA og heller nytta dette til bustader, mens areal avsett til bustadformål i KPA vert teke i vare som naturområde - dette gjeld primært GN3. Store deler av arealet regulerast til LF-formål (friluftsliv) og ein rører ikkje med den funksjonelle strandsona anna enn for plassering av pumpestasjon og legging av ei spillvassleidning. Nye bustader er godt tilpassa landskapet med lite skjeringar og fyllingar, og blir lite eksponert sett frå sjøen. Bustader i nordaust ligg delvis bak eit høgdedrag og tittar over kanten. Veggen opp til desse bustadene er lagt slik at ein får minst moglege terrenginngrep.</p> <p>Økosystem, naturtypar og artar Kystlyngheia som er registrert innanfor delar av planområdet vil kunne haldast i hevd ved lyngbrenning og ved å nytte området som beitemark. Denne driftsforma er dessverre ikkje praktisert i like stor grad no som før, og ein vurderer det som truleg at kystlyngheilandskapet gradvis ville ha endra seg sjølv om ein ikkje hadde tilrettelagt for bustader her.</p> <p>Planforslaget legg opp til å vidareføre den funksjonelle strandsona og eit større natur- og friluftsområde. Dette vil vere gunstig for dei artane som lever her. Det vil òg vere gunstig for vipa, som er kritisk truga, og ærfuglen som er ein sårbar artar, om natur- og friluftsområda ikkje vert tilrettelagd i særleg grad, då dei trivast nær sjøen, skjult i høg vegetasjon. Det vil òg vere gunstig for artane om landbruksområda omkring vert helde i hevd.</p>
<p>Korleis er tilstanden for landskapet, økosystem og utviklinga i tal på lokalitetar av naturtypane og bestandane på landsbasis og på staden?</p>	<p>Landskap Landskapstypen er relativt sjeldan i Noreg.</p> <p>Økosystem, naturtypar og artar Sjå vurdering over. Nokre fugleartar har bestandnedgang på nasjonalt nivå.</p>

Føreligg det faglege rapportar og utgreiingar om naturmangfald i det aktuelle planområdet?	Det føreligg ikkje egne rapportar, men det er gjort fleire registreringar av naturmangfald i område som ein finn i Artsdatabanken og Naturbase.
Føreligg det erfaringsbasert kunnskap (frå lokalsamfunnet, kommunar og andre myndigheiter) om det aktuelle planområdet?	Ikkje som vi kjenner til, men det er gjort fleire registreringar av naturmangfald i område som ein finn i Artsdatabanken og Naturbase.
Vil planen påverke truga og nært truga artar på Norsk raudliste for artar 2015?	Basert på plasseringa av registreringane er det ikkje truleg at planen vil påverke truga eller nært truga artar, men registreringane er ikkje nøyaktige og det kan tenkast at deler av planområdet vil inngå i viktige funksjonsområde for nokre av fugleartane.
Vil planen påverke truga og nært truga naturtypar på Norsk raudliste for naturtypar 2018?	Nei.
Vil planen påverke utvalde naturtypar eller prioriterte artar?	Nei.
Er det fremmadartar innanfor planområdet, og eventuelt korleis vert fjerning av fremmadartane handtert?	Det er registrert spreidde plantar av frøspredde sitkagran (naturbase.no, 07.07.2023) og kanadagås (Branta canadensis) (artsdatabanken.no, 07.07.2023).
Vil planen påverke verneområder, nærområda til verneområder, marint beskytta områder eller verna vassdrag (jf. Verneplan for vassdrag)	Nei, ikkje ifølge naturbase.no (07.07.2023).
Vil planen påverke tilstanden i sjø eller vassførekomstar? (Vurder i høve til bla: Rettleiar for vatn (NVE) og «forskrift om rammer for vannforvaltningen»)	Nei, ikkje ifølge naturbase.no eller nve.no (07.07.2023).
Vil planen påverke utvalde kulturlandskap?	Nei, ikkje utover påverknad på kystlynghei.
Vil planen påverke miljøregistreringar i skog?	Nei, ikkje ifølge naturbase.no (07.07.2023).
Vil planen påverke inngrepsfrie naturområde (INON)?	Nei, ikkje ifølge naturbase.no (07.07.2023).
Vil planen påverke område eller	Nei.

naturtyper som er spesielt verdifulle for naturmangfold?	
--	--

Vurdering etter § 9 Føre-var-prinsippet

Føre-var-prinsippet gjeld for plan- eller byggesaker der kunnskap om det biologiske mangfaldet ikkje er tilfredsstillande. I høve til [Naturmangfoldloven](#) (jf. §§ 8 og 9) kan kommunen om naudsynt krevja at tiltakshavar gjennomfører undersøkelser med sikte på å forbetre kunnskapsgrunnlaget.

Kunnskapskravet skal stå i rimeleg forhold til saka sin karakter og risikoen for at det planlagde tiltaket kan skade naturmangfaldet.

Sentrale tema	Vurdering
Veit ein nok om landskap, økosystem, naturtypar og artar, og om kva slags verknadar det aktuelle tiltaket har for desse?	Det er gjort fleire registreringar i området og ein vurderer at kunnskapsgrunnlaget er godt nok.
Er det sannsynleg at tiltaket vil medføre vesentleg (alvorleg eller irreversibel) skade på landskap, økosystem, naturtypar og artar?	Tiltaka er forsøkt lagt så skånsamt i terrenget som mogleg og vil ikkje gi vesentlege fjern- eller nærverknadar. Det regulerast inn større naturområde og friluftsområde og ein rører ikkje ved areala i strandsona, noko som vil vere positivt for dei artane som lever i området og økosystemet.

Vurdering etter § 10 Økosystemtilnærming og samla belastning

Naturmangfoldlova har gjennom § 10 innført eit krav om å vurdere sum verknadar av tekniske inngrep på biologisk mangfald. Det er gjeve ei nærare omtale av korleis dette skal utførast i rettleiar T-1554 (Klima- og miljødepartementet 2016). Vurderingane skal bygge på kjend og tilgjengeleg informasjon om andre planar og utreda verknadar for naturmangfald, og skal vektlegge tiltakets verknadar for eventuelle førekomstar av verdifulle naturtypar (jf. Miljødirektoratet Handbok 13), utvalde naturtypar i høve naturmangfoldlova § 52, økosystem som er viktige økologiske funksjonsområde for trua artar i Norsk Raudliste 2015 og prioriterte artar i høve naturmangfoldlova § 23 (jf. Veileder Naturmangfoldlova kapittel II). Det skal vurderast om tilstanden og bestandsutviklinga til slike artar/naturtypar som nemnd over kan bli vesentleg råka. I vurdering av samla belastning bør det leggjast vekt på om det finst kommunale eller private planinitiativ eller andre tiltak som påverkar dei same naturtypane i området.

Sentrale tema	Vurdering
Kva slags eksisterande tiltak eller bruk utgjer ei påverking på landskap, økosystem, naturtypar og artar?	Eksisterande bustader og fritidsbustader med tilhøyrande infrastruktur utgjer ei lita påverknad i dag.
Kva slags framtidige tiltak og bruk i landskapet eller økosystemet som ein har oversikt over kan utgjere ei påverking på naturtypar og artar?	Kystlynghei vil truleg gro att, då ned ikkje lenger er vanleg med brenning av kystlynghei og det ikkje lenger er like store behov for beiteareal som følgje av nedgang i jordbruksdrifta i Noreg. Utover dette kjenner vi ikkje til framtidige tiltak eller bruk som vil påverke naturtypar og artar her.
Kva vil den samla belastninga (effekten) av planen eller tiltaket vere, det vil sei eksisterande tiltak og bruk, planforslaget og framtidige tiltak og bruk?	Planområdet er i all hovudsak satt av til bustadformål i kommuneplanen og ein må forvente at det vert bygga ut i dette området. Omfanget av planen og talet på bustader som regulerast er redusert frå 87 til 24 bustader. Talet på bustader er derfor nokså lågt i forhold til kva ein kan vente å få regulert i eit slikt område. I tillegg er bustadenes plassering god med omsyn på fjern- og nærverknadar, terrengetilpassing og ivaretaking av strandsona og landskapskvalitetar. Det samla effekten av planen vurderast derfor som akseptabel for naturmangfald og landskapsomsyn.
Kva veit ein om situasjonen for det naturmangfaldet som råkast på kommunenivå, fylkesnivå og på landsbasis?	Vipebestanden er i nedgang på nasjonalt nivå.
Manglar ein kunnskap om verknaden (effekten) av planen sin samla belastning for landskap, økosystem, naturtypar og artar? I så fall må § 9 tilleggjast stor vekt.	Ein vurderer at kunnskapsgrunnlaget er tilfredsstillande, sett i lys av at ein ikkje går inn i den funksjonelle strandsona, og tek i vare eit større natur- og friluftsområde.

Vurdering etter § 11 Tiltakshavar betalar

Naturmangfaldlovas § 11 pålegg tiltakshavar å bære kostnadane ved miljøferringelse. Det er tiltakshavar som dekker eventuelle kostnadar for å hindre eller avgrense skadar på naturmangfaldet. Kostnader som tiltakshavar kan kome til å måtte dekke, for å få tatt nødvendige naturmangfaldsomsyn kan vere:

- At tiltakshavar vert pålagt å betale for å skaffe meir kunnskap om naturmangfald.
- At tiltakshavar vert pålagt å overvake naturtilstanden.
- At tiltakshavar må velje ein meir kostbar og tidkrevjande teknikk, lokalisering eller driftsform.
- At tiltakshavar får gjennomføre tiltaket, men at det vert gjeve pålegg om retting eller avbøtande tiltak som reduserar eller minimerar skadane på naturmangfaldet.

Vurdering etter § 12 Miljøforsvarlege teknikkar

I lovas § 12 er det gitt retningsliner om at det skal veljast teknikkar, driftsmetodar og lokalisering som gjev det beste samfunnsmessige resultatet, der omsyn til naturmangfaldet er ein viktig faktor. Anleggsfasen bør utførast så skånsamt og miljøvennleg som mogleg.

Samla vurdering av naturmangfaldet

Landskapets skjermede, småkupert kystslettelandskap forsøker ein å ivareta i størst mogleg grad. Det er derfor valt å rokere om på noko av LNF-formålet i KPA og heller nytta dette til bustader, mens areal avsett til bustadformål i KPA vert teke i vare som naturområde - dette gjeld primært GN3. Store deler av arealet regulerast til LF-formål (friluftsliv) og ein rører ikkje med den funksjonelle strandsona anna enn for plassering av pumpestasjon og legging av ei spillvassleidning.

Omfanget av planen og talet på bustader som regulerast er redusert frå 87 til 24 bustader. Talet på bustader er derfor nokså lågt i forhold til kva ein kan vente å få regulert i eit område som er satt av til bustadformål i KPA. I tillegg er bustadenes plassering god med omsyn på fjern- og nærverknader, terrengtilpassing og ivaretaking av strandsona og landskapskvalitetar. Det samla effekten av planen vurderast derfor som akseptabel for naturmangfald og landskapsomsyn.

Kystlyngheia som er registrert innanfor delar av planområdet vil kunne haldast i hevd ved lyngbrenning og ved å nytte området som beitemark. Då denne driftsforma ikkje er praktisert i like stor grad no som før, vurderer ein det som truleg at kystlyngheilandskapet gradvis ville ha endra seg sjølv om ein ikkje hadde tilrettelagt for bustader her.

Planforslaget legg opp til å vidareføre den funksjonelle strandsona og eit større natur- og friluftsområde. Dette vil vere gunstig for dei artane som lever her. Det vil òg vere gunstig for vipa, som er kritisk truga, og ærfuglen som er ein sårbar artar, om natur- og friluftsområda ikkje vert tilrettelagd i særleg grad, då dei trivast nær sjøen, skjult i høg vegetasjon. Det vil òg vere gunstig for artane om landbruksområda omkring vert helde i hevd.

Ressursar:

Overordna tema	Kjeldehenvisning
Biologisk mangfald	Naturindeks.no
Fremmedartar (tidl. Svarteliste)	Fremmedartsdatabasen
Kartlegging av viktige naturtypar (2018)	Kartleggingsinstruks
Karttjenester	Gardskart Artskart Inngrepsfrie naturområder (INON) Naturbase
Innhente (erfaringsbasert) kunnskap	Norsk botanisk foreining Norsk ornitologisk foreining Norsk zoologisk foreining
Naturtypar av nasjonalforvaltningsinteresse	Vurdering av lokalitetskvalitet
Norsk raudliste for arter (2015)	Raudliste for arter
Norsk raudliste for naturtypar (2011)	Raudliste for naturtypar
Rapportere artsobservasjonar	Artsobservasjoner.no
System for inndeling og systematisering av naturen	Natur i Norge (NIN)

Flom, skred, vassdrag, grunnvatn,
energiproduksjon, framføring av elektrisk kraft

[Vannportalen](#)
(Hordaland)
www.Xgeo.no (NVE)
[Rettleiar for vatn](#)
(NVE)